

HOVUDREGLAR FOR LIVET VED SKULEN

Ved Bømlo folkehøgskule har vi tre hovudreglar:

1. OBLIGATORISK UNDERVISNING

Det blir notert ned om du ikkje kjem til undervisninga.

I følgje *Fråversreglement for folkehøgskulen* skal fråveret førast på vitnemålet. Du må ha minst 90% frammøte for å få godkjent skuleåret og få to tilleggspoeng, medan du må ha minst 85% frammøte for at Lånekassen konverterer 40% av lånet til stipend.

Det er råd å søkje permisjon i tråd med gjeldande fråversreglement. Søknad om permisjon skal du sende på e-post til magne@bomlo.fhs.no (rektor).

Reelt fråver (timar og dagar) blir ført på vitnemålet, saman med frammøteprosent.

2. RUSFRI SKULE

Vi meiner du får det best på Bømlo Folkehøgskule utan rusmiddel. Derfor seier vi:

- Oppbevaring og bruk av rusmiddel på skulen sitt område er ikkje tillate
- Bruk eller oppbevaring av rusmiddel fører til bortvisning eller utvisning

På lengre skule- og linjeturar kan det opnast opp for å drikke alkohol (inntil to einingar), men berre når alle er samla og etter turleiar si vurdering. Du kan få kjøpe kvoten din med alkohol når du reiser utanlands og levere det inn til oppbevaring straks du kjem tilbake til skulen.

Det er lov å forlate skulen for å drikke alkohol og kome tilbake på internatet to laurdagar kvart semester. Det er også høve til å reise bort og drikke dersom det ikkje er skuledag neste dag, men då kan du ikkje kome tilbake til skulen etterpå.

Når du har vore ute og kjem tilbake til skulen skal du gå stille og roleg og leggje deg utan å sjenere medelevar.

Du kan kjøpe alkoholhaldig drikke med aldersgrense 18 år, levere det inn til tilsynslærer - for deretter å få det tilbake når du går ut.

Det er ikkje lov å bruke skulen sine bilar eller båtar til å handle inn eller ta med alkohol ut på fest eller liknande.

3. ARBEIDSOPPGÅVER DU HAR SOM ELEV

Bømlo Folkehøgskule er ikkje berre ein skule, men også ein heim der du må ta del i ulike arbeidsoppgåver.

Ord for dagen:

Alle elevane er ansvarlege for ord for dagen på morgonsamlinga, ein eller fleire gangar. Du vil få beskjed av linjelærer om når du skal ha ord for dagen, og tips til kva du kan ha.

Trivselsgjeng:

Kvar veke har nokre av elevane ansvar for trivselen ved skulen.

Oppgåvene til trivselsgjengen er:

- Rydding av bord og oppvask på kjøkkenet etter kvart måltid
- Møte 15 minuttar før kveldsmaten for å setje ut mat
- Sjå til at skulen er ryddig
- Møte tilsynslærer utanfor resepsjonen kl 22.00 for rydderunde
- Kome med framlegg til aktivitetar og trivselstiltak på fritida

Vask og rydding av eige rom og fellesrom på husa:

For eigen trivsel skal rommet ditt vere reint og ryddig. Sjølv om det er ditt rom, har skulen ansvar for bruken også når desse vert leigde ut til elevar.

Fellesromma på husa (fellesstove, kjøkken, vaskerom og småromma) skal vere reine og ryddige. Elevar har ansvar for dette, og arbeidet blir kontrollert av huslærer.

Husmor tek rundar på hus og rom fleire gangar i veka, og gir tilbakemelding dersom det ikkje er ryddig eller reint nok.

Større husvask tek vi til vanleg før feriar og før avslutning av skuleåret. Kvart hus er ansvarleg for at det til kvar tid er ryddig og skikkeleg rundt huset.

Skulen er heimen din, men du må rydde etter deg både på huset og i skulebygningen.

4. REAKSJONAR PÅ REGELBROT

Dersom du som elev ikkje greier å tilpasse deg reglane vi har ved skulen, vil skulen reagere på **følgjande måte:**

- Munnleg åtvaring ved mindre regelbrot
- Skriftleg åtvaring
- Bortvising, når skulen ser på brotet som så alvorleg at du på sikt kan miste elevplassen
- Utvising, når du ikkje forhold deg til reglane ved skulen, sjølv etter kanskje fleire sjansar til forbetring og ved kriminelle- eller andre alvorlege tilhøve

Finnås, oktober 2021

Magne Grøneng Flokenes/s/
Rektor